T J.G. Whittier 1872, *Congregational Hymns* 1884
O Arve Brunvoll 1978
M C.H.H. Parry 1888
S Komponisten

Du Far og Herre, du som rår 416

(1)



2 Lat oss i einfelt tru på deg
stå opp i denne stund
og fylgje Herren på hans veg,
lik dei som eingong reiste seg
/: ved kallet frå hans munn. :/

3 Å Galileas sabbatsfred!
Å høge åsars ro,
der Jesus kneler stilt og bed
den bøn din kjærleik kjennest ved,
/: der er di æve no. :/

4 Send himmelsk ro lik dogg som fell,
til striden er forbi;
tak strev og møde frå vår sjel,
og lat vårt liv få vitne vel
/: om kvila du vil gi. :/

5 Lat Anden i vårt hjarte bu
med balsam og med trøyst!
Lat tvilen vike for vår tru;
i jordskjelv, storm og eld, kom du,
/: kom, linne susings røyst! :/